

Tollkreditt

Her er eit utdrag frå ein statleg informasjonsbrosjyre om tollkreditt.

Originalteksten i **venstre kolonne** er delt opp i avsnitt med overskrifter. Fleire av avsnitta inneheld så mykje viktig (og forskjellig) informasjon at det er lurt å bruke hovudoverskrifter og underoverskrifter. Då blir det lettare for lesaren å orientere seg i teksten.

I den redigerte teksten i **høgre kolonne** viser vi korleis det kan gjerast.

Ansvar for betaling av toll og avgifter

Vareeiegaren er ansvarleg for betaling av toll og avgifter til tollvesenet ved innførsel og utførsel av varer.

Varene vert ikkje utleverte til vareeiegaren før toll og avgifter er betalte kontant eller det går fram av tolldeklarasjonen at tollkredittkontoen til vareeiegaren skal belastast.

Det er heller ikkje tillate å utføre varer før toll og avgifter er betalte kontant eller det går fram av tolldeklarasjonen at tollkredittkontoen til vareeiegaren skal belastast.

Tollvesenet kan på søknad gje kreditt for toll, avgifter, godtgjersle og kostnader (tollkreditt). Tollkreditten kan nyttast over heile landet, uansett i kva tollregion han er gjeven.

Ny informasjon. Dette avsnittet bør få ei særskild overskrift.

Kven har ansvaret for å betale toll og avgifter?

Den som eig varene, har ansvaret for å betale toll og avgifter til tollvesenet når varene skal innførast eller utførast.

Innførsel

Viss du skal innføre varer, får du dei ikkje utlevert før du har betalt toll og avgifter kontant, eller det går fram av tolldeklarasjonen at tollkredittkontoen din skal belastast.

Utførsel

Viss du skal utføre varer, får du løyve til det først når du har betalt toll og avgifter kontant, eller det går fram av tolldeklarasjonen at tollkredittkontoen din skal belastast.

Tollkreditt

Du kan sende søknad til tollvesenet og be om å få kreditt for toll, avgifter, godtgjersle og kostnader. Dette kallar ein *tollkreditt*. Tollkreditten kan ein nytte over heile landet, same kva tollregion han er gjeven i.

**I tekstbolkar som inneheld mykje informasjon,
er det lurt å setje inn underoverskrifter.**

På neste side ser du korleis det kan gjerast.

Søknad om tollkreditt

Blanketten for søknad om tollkreditt (RD-0033) finn du vedlagd, eller han kan hentast elektronisk på www.toll.no, menyvalget «Skjema og blankettar» eller tingast frå tollregionen. Søknadsblanketten vert send pr. post til tollregionen der søkjaren er registrert som næringsdrivande. Søknad kan ikkje sendast elektronisk.

Tollkreditt vert berre gjeven til føretak som innfører eller utfører varer i eige namn.

Tollkreditt vert ikkje gjeven til representantar for importøren, til dømes speditørar, kommisjonærar eller andre som opptre på vegner av føretaket.

Tollkreditten kan berre nyttast for deklarasjonar som vert deklarete via elektronisk datautveksling.

Flytt dette avsnittet til neste side.

Føretak må som utgangspunkt vere registrerte i Føretaksregisteret og i Meirverdiavgiftsmanntalet for å få tollkreditt.

Kreditthavaren får tilsendt skriftleg melding med opplysning om tildelt kunde-id og kontonummer når tollkreditten er gjeven.

Søknad om tollkreditt

Viss du skal søkje om tollkreditt, må du bruke blankett RD-0033. Denne blanketten ligg ved. Du kan òg hente han elektronisk på www.toll.no, under menyvalget «Skjema og blankettar», eller du kan få han frå tollregionen. Send søknadsblanketten i posten til den tollregionen der du er registrert som næringsdrivande. Du kan ikkje sende søknaden elektronisk.

Kven kan få tollkreditt?

Berre føretak som innfører eller utfører varer i eige namn, kan få tollkreditt. Føretak må vere registrerte i Føretaksregisteret og i Meirverdiavgiftsmanntalet for å få tollkreditt.

Når du har fått tollkreditt og blitt kreditthavar, får du tilsendt skriftleg melding med opplysning om tildelt kunde-id og kontonummer (tollkredittkonto).

Kven kan ikkje få tollkreditt?

Representantar for importøren, tiil dømes speditørar, kommisjonærar eller andre som opptre på vegner av føretaket, kan ikkje få tollkreditt.

Bruk av tollkreditt

Tollkreditt kan ikke lånast bort eller på annan måte nyttast av andre enn kreditthavaren.

Det vert betalt ei godtgjersle for kvar tolldeklarasjon som vert belasta tollkredittkontoen. Godtgjersle er fastsett av Stortinget. Eventuelt misbruk er straffbart etter paragraf 64 i tollova.

Dersom tollkredittkontoen ikkje vert nytta over ein lengre periode, kan kontoen verte stengt. Det kan då eventuelt sendast ny søknad om tollkreditt.

Her må vi stoke avsnitta litt, og vi tek inn ei setning frå førre side. Legg merke til at vi skiftar ut passive og upersonlege setningar («det vert betalt») med aktive og personlege («du må betale»). Difor blir den redigerte teksten litt lengre.

Bruk av tollkreditt

Viss du har fått tollkreditt, er det berre du (kreditthavaren) som kan nytte han. Du kan heller ikkje låne han bort. Misbruk av tollkreditten er straffbart etter paragraf 64 i tollova.

Du kan berre nytte tollkreditt viss du sender inn tolldeklarasjonen via elektronisk datautveksling.

Kvar gong ein tolldeklarasjon blir belasta tollkredittkontoen din, må du betale ei godtgjersle (eit gebyr) til tollvesenet. Satsen for godtgjersla er fastsett av Stortinget.

Dersom tollkredittkontoen din ikkje blir nytta over ein lengre periode, kan kontoen bli stengt. I så fall kan du sende ny søknad om tollkreditt.

Kredittvurdering

Tollvesenet kan kredittvurdere og -overvake kredittakaren ved behandling av søknaden og så lenge kundeforholdet varer. Det vert vurdert om søkjaren er kredittverdig ut frå tollregionane sin generelle tillit til føretaket, til dette reknar ein betalingsvilje, betalingsevne og oppfølging av skatte-, toll- og avgiftsregelverket, samt tollregionen sine innkrevjingsvilkår.

Kredittgrense

Tollkreditt vert gjeven som hovudregel berre for ein avgrensa sum. Kredittgrensa vert fastsett i forhold til kredittbehovet. Overskriding av fastsett kredittgrense medfører at fortollinga vert stoppa i tollvesenets elektroniske fortollingssystemet TVINN.

Strukturen i originalteksten er grei og overskriftene informative. Men også her skiftar vi ut passive og upersonlege setningar («overskriding av fastsett kredittgrense medfører ...») med aktive og personlege («dersom du bryt kredittgrensa, må du ...»). Difor blir den redigerte teksten litt lengre.

Kredittvurdering

Tollvesenet kan kredittvurdere og kredittovervake deg medan søknaden din om tollkreditt er under behandling og så lenge kundeforholdet varer. Når tollvesenet skal vurdere om eit føretak er kredittverdig, tek ein utgangspunkt i den generelle tilliten tollregionane har til føretaket. Ein ser mellom anna på betalingsvilje, betalingsevne og oppfølging av skatte-, toll- og avgiftsregelverket. Ein annan ting som tollvesenet tek med i kredittvurderinga, er om tollregionen har høve til å krevje inn pengane dersom du ikkje betaler.

Kredittgrense

Som hovudregel får du tollkreditt berre for eit avgrensa beløp. Kredittgrensa blir fastsett ut frå kredittbehovet. Dersom du bryt den fastsette kredittgrensa, blir fortollinga stoppa i det elektroniske fortollingssystemet til tollvesenet, TVINN.

**Lag overskrifter
som er i samsvar med
innhaldet i
avsnitta.**